



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
18/7532-7

Dykkar referanse:

Vår dato:  
29.08.2018

### Oversender klage – Veglov – Fv. 391 – Søknad om avkøyrsløse – Gnr. 195 bnr. 7 – Lindås kommune

Relevante dokument i saka:

1. Søknad om avkøyrsløse, mottatt 10.01.2018.
2. Søknad om avkøyrsløse situasjonskart, mottatt 10.01.2018.
3. Svar – Avslag på søknad – sendt 06.04.2018.
4. Tilbakemelding på avslag – mottatt 06.14.2018.
5. Klage på vedtak – mottatt 24.04.2018.

#### Innleiing:

Vi fekk søknad 10.01.2018 om ny landbruksavkøyrsløse frå fylkesveg 391 til gnr. 195 bnr. 7 i Lindås kommune. Søkjer har behov for å ta ut tømmer og ved frå eigedomen. Søknaden er grunngeve med at dette var den gamle sjøvegen og vegen til nedre del av utmark. Det vert og vist til at det er fylt ut stein i den gamle vegen.

Statens vegvesen gav avslag på søknaden i vedtak datert 06.04.2018. Avslaget har heimel i veglova § 40. Grunngeving for avslaget var mellom anna omsynet til trafikktryggleiken. Avkøyrsløse er lokalisert i ein skarp kurve like sørvest for Leknes bru.

Vi fekk klage på vedtaket 24.04.2018.

#### Innhald i klagen:

Klagar har i dag avkøyrsløse til denne del av utmarka om kommunal veg, *Hodnesdalsvegen*. I følgje klagar vart dagens avkøyrsløse til utmark etablert 1993 i samband med utbygging av ny E39. Klagar hevder at landbruksvegen som vart etablert den gong er lite eigna og direkte farleg for ferdsel med traktor. Det er også problem med forskyving i vegskråninga på grunn av store vassmengder frå E39. Det er difor behov for å etablere ein ny tilkomst til utmark. Den omsøkte avkøyrsløse til utmark ved Leknes bru har vore der sidan 1887, og fylkesvegen kom på 1950 –


Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

talet. Den omsøkte avkøyrsla er oversiktleg og det er ikkje behov for å svinge til venstre eller etablere noko svingradius. Klagar er opptatt av trafikktryggleiken og vil montere grind når vegen ikkje er i bruk.



*Situasjonskart*

#### **Vår vurdering:**

Søknaden gjeld avkøyrsla frå fv. 391 i Lindås kommune. Fartsgrensa på staden er 40 km/t og ÅDT er 1000. Vegstrekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvise vurderingar av haldning til byggjegranser for riks- og fylkesvegar i Region vest (2017–2020)*. Det vil seie at dette er ein lokalveg. Med bakgrunn i haldningsklassen er det opna for å etablere nye avkøyrslar på denne strekninga, dersom dei tekniske krava til utforming kan oppfyllest. Forutan dei strekningsvise vurderingane, må ein gjere ei konkret vurdering av avkøyrslene i kvart tilfelle.



*Vegbilette frå 2018 som syner omsøkte plassering av avkøyrsla.*

Søknaden vart avslått med bakgrunn i at omsøkte plasseringa er trafikkfarleg. Avkøyrsla ligg i ein skarp kurve like sørvest for Leknes bru. Svingen er skilta med «Farlege svingar». Målet

med slike skilt er å framheve vegen si linjeføring og redusere overraskingsmomentet med ei skarp kurve. Avkøyrsla er plassert mellom to varslingskilt som skal markere retninga gjennom svingen. Bakgrunnen for å skilte kurver er å minske risikoen for ulukker. Vi meiner det vil vere trafikkfarleg å plassere ei avkøyrsla mellom to varslingskilt som skal ta i vare skilting gjennom kurva, og at dette mellom anna kan bidra til å skape forvirring hos bilistane.

Skilting er også eit varsel på kor stor faregrad det er ved ein eventuell utforkøyring. Arealet nedanfor svingen er svært bratt, og det er høgt ned til elva i botn av dalen. Det satt opp støypekant i kurva for å hindre utforkøyringar. På vegbilette legg vi merke til at utstrekninga av støypekanten vart redusert med om lag 1 meter rundt 2010, utan at vi veit kvifor dette vart utført. Det er i dag stort fokus på rekkverk og sikring mot utforkøyring, og vi meiner det kan vere behov for å sikre kurva betre, i samsvar med våre handbøker.

Søker hevdar at denne avkøyrsla har vore nytta tidlegare og at Statens vegvesen tok omsyn dette på 1990 – talet, då det vart laga støypekant og at det vart satt att ei opning på 4 meter. Det vert og hevda at Statens vegvesen sjølv nytta avkøyrsla i dette tidsrommet, då brua var oppgradert. Vi kjenner ikkje til dette konkrete tilfellet. Vi registrerte ingen avkøyrsla der når vi var der på synfaring, men vi la merke til noko som kunne vere ei steinfylling eit stykke frå vegen. Vi har forhold oss til det faktum at det er søkt om ny avkøyrsla. Det er også ei kjent sak at langs vegnettet er det etablert ulike tiltak som ikkje alltid er søkt om etter veglova. Når det vert søkt om legalisering av slike tiltak må vi behandle søknaden som om den var ny, og stille relevante krav til utforming.



*Vegbilette 2010 som syner ei lengre støypekant.*

Når det skal opnast for ei ny avkøyrsla, så må den tilfredstille dei krav som handbøkene våre setter til utforming og sikt. Vinkling på fylkesvegen og svingradius er eit slikt krav. Vinkling av avkøyrsla bør vere mest mogleg 90° på fylkesvegen, og svingradius skal vere minimum 4 meter. Desse krava skal sørge for god sikt i begge retningar når ein skal køyre ut på fylkesvegen, og for fartsreduksjon når ein køyrer inn og ut av avkøyrsla. Vi meiner desse krava blir vanskeleg å oppfylle i dette tilfellet. Søkjar seier på si side at det ikkje er behov for svingradius, fordi det skal berre køyrast i ei retning. Vi meiner at det ikkje kan etablerast ei avkøyrsla der ein berre kan køyre i ein retning.

Avkøyrsla ligg i nærleiken av Leiknes skule og er nytta som skuleveg. Fylkesvegen er smal på denne strekninga og det er ikkje eige tilbod til mjuke trafikantar. Farten på strekninga er allereie satt ned til 40 km/t. Det er grunn til å legge særleg vekt på trafikktryggleiken langs ei strekning der born ferdast.

Vi har vidare lagt vekt på at området allereie har vegutløysing frå kommunal veg, og at det difor ikkje er behov for ei ny avkøyning. Vi meiner at søkjar er ansvarleg for at denne vegen skal vere trygg å ferdast på og at Statens vegvesen ikkje har vedlikehaldsansvar sjølv om den vart anlagt i samband med framføring av ny E39 på 1990-talet.

Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi skal behandle ein søknad om avkøyrsla. Vi må i tillegg gjere ei konkret vurdering av dei einskilde søknadene. Vi meiner at omsøkte avkøyrsla har ei plassering som vil svekke trafikktryggleiken på denne strekninga, og som heller ikkje kan ikkje byggjast i samsvar med våre krav til utforming.

#### **Oppsummering:**

Statens vegvesen kan ikkje godkjenne ei ny avkøyrsla som omsøkt. Vi har lagt avgjerande vekt på forholdet til trafikktryggleiken.

#### **Tilråding til vedtak:**

Statens vegvesen har vurdert klagen og finn ikkje å kunne ta den til følge. Vi rår til at vårt vedtak av 06.04.2018 vert ståande.

Saka vert med dette sendt over til Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

Region vest, Veg- og transportavdelinga  
Med helsing

Hanne Hermanrud  
avdelingsdirektør

Hjalmar Olset  
seksjonsleiar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

GUNNAR ARILD EIDE, HODNESDALSVEGEN 43, 5915 HJELMÅS  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ



Statens vegvesen

18/7532-1  
440-1263

## Søknad om avkøyrslø eller dispensasjon frå byggegrenser

### Steg 1 av 6

Som søker kan du søke for deg sjølv eller andre. Om du søker for andre må du stadfeste at rette vedkomande har gitt samtykke.

Eg søker for meg sjølv  Eg søker for andre

Namn på den du søker for

Har den du søker for gitt samtykke?

Ja  Nei

### Steg 2 av 6

Riksveg  Fylkesveg

Vegnummer FV391 Eksempel på vegnummer er rv. 120

Kommune Lindås Fylke Hordaland

Gnr. 195 Bnr. 7 Festenr.

Arealføremål i kommuneplan. Dette får du opplyst av kommunen.

Ligg eigedommen i regulert område?  Ja  Nei

Detaljkart må leggest ved søknaden.

Med detaljkart meiner vi: Kart i målestokk 1:1000/1:500 der planlagde tiltak er teikna inn med målsett avstand til midten av vegen.

### Steg 3 av 6

Du kan søke om avkøyrslø, dispensasjon frå byggegrenser eller begge.

Eg søker om avkøyrslø  Eg søker om dispensasjon fra byggegrenser

Frådeling

Nybygg

Ny bustad/bueining

Tilbygg/påbygg

Bruksendring

Garasje

- Utvida bruk  
 Flytting  
 Ny avkøyrslø  
 Anna

Anna Traktor skogsveg

Minste avstand fra nærmaste punkt på bygget  
til midten av vegen:                      meter

---

### Steg 4 av 6

Vær vennleg å grunngi søknaden, og opplys om andre tilhøve som kan vere viktige for søknaden.

Søker om utkjørsel på FV 391 ved Leknes bru. Sikt sør ca 100 meter, og mot øst ca 60 meter. Fartgrense 40 km

Dette er den gamle sjøvegen og vegen til nedre del av utmark fra 1900 talet. I den nyere tid har det vert utvidelse på FV 391 ca 1970 + og steinmasser er fylt ut i den gamle vegen Det er og fylt ut stein i 1980 og 2010

Søknad om traktor skogsveg er levert til landbruk kontoret Lindås


Kart levert med søknad

---

### Steg 5 av 6

Namn

Gunnar Arild Eide



Telefon 90782251

Adresse

Hodnesdalsvegen 43

E-post [gunn-eid@online.no](mailto:gunn-eid@online.no)

---


### Steg 6 av 6

Eg samtykker i at opplysningane som er gitt ovanfor er riktige.

Opplysningane du har gitt i søknaden vert utelukkande nytta til handsaming av søknaden din.

Statens vegvesen handsamar dei gitte opplysningane i tråd med personopplysningslova.

Les meir på [vegvesen.no/personvern](http://vegvesen.no/personvern)



SKOGSVEG  
BRU FV 591



## Statens vegvesen

GUNNAR ARILD EIDE  
HODNESDALSVEGEN 43  
5915 HJELMÅS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
18/7532-3

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.04.2018

### Svar – Fv. 391 – Søknad om avkøyrsløse – gnr. 195 bnr. 7 – Lindås kommune


Vi viser til søknad av 11.01.2018. Statens vegvesen var på synfaring på staden 07.03.2018.

#### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) avslår vi søknad om etablering av avkøyrsløse frå fv. 391 til del av eigedom gnr. 195 bnr. 7 i Lindås kommune.

#### Bakgrunnen for vedtaket

Du har søkt om å etablere ein landbruksavkøyrsløse som skal vere dimensjonert for traktor skogsveg. Det er opplyst i søknaden at dette er den gamle sjøvegen og vegen til nedre del av utmarka. Det er vidare opplyst at det i den seinare tid er utført utviding av fylkesvegen og at steinmassar er fylt ut i den gamle vegen.



Situasjonskart, del av gnr. 195 bnr. 7, Lindås kommune. Omsøkt avkøyrsløse til høgre.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



Fartsgrensa på staden er 40 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 900. Fylkesvegen er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013 – 2016)*. Fylkesvegen er smal og har berre ei køyrebane på denne strekninga. Tiltaket ligg like ved Leknes skule og fylkesvegen er nytta som skuleveg. Det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Den omsøkte avkøyrsla er plassert like sør for Leknes bru, i ein skarp sving.

I haldningsklasse 4 legg Rammeplanen til grunn at ein normalt sett kan få godkjenning til avkøyrslar under føresetnad at dei tekniske krava til utforming vert innfridd. Eit absolutt krav vi stiller er at det skal vere tilfredstillande sikt. På synfaring målte vi sikta og vi vurderer at våre krav til sikt kan verte innfridd, dersom avkøyrsla får riktig utforming. Andre krav vi normalt stiller til utforming er at avkøyrsla skal ha svingradius etter dimensjonerande køyretøy og slik at avkøyrsla vert mest mogleg vinkla 90° på fylkesvegen. Vanleg svingradius er 4 meter. Det er også eigne krav til lengdeprofilet, slik at avkøyrsla har fall frå fylkesvegen, og at tilkomstvegen ikkje kjem for bratt på fylkesvegen.



*Vegbilette 2017 ved fv. 391 Leknes bru, omsøkt avkøyrslapunkt er markert.*

Ei avkøyrslar utgjer i seg sjølv ein ulukkerisiko. I søknaden er avkøyrsla og tilkomstvegen vist som ei forlenging av fylkesvegen, noko som kan misforståast av andre trafikantar dersom den vert etablert slik. Avkøyrsla som det her er søkt om ligg like vest for Leknes bru, i ein skarp sving. Dette er moment som aukar risikoen for ulukker i endå større grad. Sjølv om fartsgrensa på staden er sett ned, er ei slik plassering og utforming av avkøyrsla ikkje gunstig med omsyn til trafikktryggleiken.

Søknaden er ikkje grunngjeve ut over ynskje om å etablere tilkomst til området. Området har i dag tilkomst om kommunal veg, Hodnedalsvegen.

Statens vegvesen skal i vurderinga legge vekt på framkomme og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå. Vi har vurdert søknaden og kome fram til at vi ikkje kan godkjenne

etablering av avkøyrsla slik det er søkt om. Grunngevinga for dette er mellom anna at avkøyrsla har ei uheldig plassering i ein skarp sving like ved ei bru. Denne plasseringa er ikkje er gunstig med omsyn til trafikktryggleiken. Vi legg også vekt på at dette området allereie har vegutløysing om den kommunale vegen, Hodnedalsvegen.

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

### **Vedlegg**

Veglova [§ 40](#)



## Statens vegvesen

GUNNAR ARILD EIDE  
HODNESDALSVEGEN 43  
5915 HJELMÅS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
18/7532-3

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.04.2018

### Svar – Fv. 391 – Søknad om avkøyrsløse – gnr. 195 bnr. 7 – Lindås kommune


Vi viser til søknad av 11.01.2018. Statens vegvesen var på synfaring på staden 07.03.2018.

#### Vedtaket

Med heimel i veglova [§ 40](#) avslår vi søknad om etablering av avkøyrsløse frå fv. 391 til del av eigedom gnr. 195 bnr. 7 i Lindås kommune.

#### Bakgrunnen for vedtaket

Du har søkt om å etablere ein landbruksavkøyrsløse som skal vere dimensjonert for traktor skogsveg. Det er opplyst i søknaden at dette er den gamle sjøvegen og vegen til nedre del av utmarka. Det er vidare opplyst at det i den seinare tid er utført utviding av fylkesvegen og at steinmassar er fylt ut i den gamle vegen.



Situasjonskart, del av gnr. 195 bnr. 7, Lindås kommune. Omsøkt avkøyrsløse til høgre.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Fartsgrensa på staden er 40 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 900. Fylkesvegen er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013 – 2016)*. Fylkesvegen er smal og har berre ei køyrebane på denne strekninga. Tiltaket ligg like ved Leknes skule og fylkesvegen er nytta som skuleveg. Det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Den omsøkte avkøyrsla er plassert like sør for Leknes bru, i ein skarp sving.

I haldningsklasse 4 legg Rammeplanen til grunn at ein normalt sett kan få godkjenning til avkøyrslar under føresetnad at dei tekniske krava til utforming vert innfridd. Eit absolutt krav vi stiller er at det skal vere tilfredstillande sikt. På synfaring målte vi sikta og vi vurderer at våre krav til sikt kan verte innfridd, dersom avkøyrsla får riktig utforming. Andre krav vi normalt stiller til utforming er at avkøyrsla skal ha svingradius etter dimensjonerande køyretøy og slik at avkøyrsla vert mest mogleg vinkla 90° på fylkesvegen. Vanleg svingradius er 4 meter. Det er også eigne krav til lengdeprofilet, slik at avkøyrsla har fall frå fylkesvegen, og at tilkomstvegen ikkje kjem for bratt på fylkesvegen.



*Vegbilette 2017 ved fv. 391 Leknes bru, omsøkt avkøyrslapunkt er markert.*

Ei avkøyrslar utgjer i seg sjølv ein ulukkerisiko. I søknaden er avkøyrsla og tilkomstvegen vist som ei forlenging av fylkesvegen, noko som kan misforståast av andre trafikantar dersom den vert etablert slik. Avkøyrsla som det her er søkt om ligg like vest for Leknes bru, i ein skarp sving. Dette er moment som aukar risikoen for ulukker i endå større grad. Sjølv om fartsgrensa på staden er sett ned, er ei slik plassering og utforming av avkøyrsla ikkje gunstig med omsyn til trafikktryggleiken.

Søknaden er ikkje grunngjeve ut over ynskje om å etablere tilkomst til området. Området har i dag tilkomst om kommunal veg, Hodnedalsvegen.

Statens vegvesen skal i vurderinga legge vekt på framkomme og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå. Vi har vurdert søknaden og kome fram til at vi ikkje kan godkjenne

etablering av avkøyrsla slik det er søkt om. Grunngevinga for dette er mellom anna at avkøyrsla har ei uheldig plassering i ein skarp sving like ved ei bru. Denne plasseringa er ikkje er gunstig med omsyn til trafikktryggleiken. Vi legg også vekt på at dette området allereie har vegutløysing om den kommunale vegen, Hodnedalsvegen.

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

### **Vedlegg**

Veglova [§ 40](#)

Statens vegvesen

Region vest

Postboks 43

6861 LEIKANGER

## **Klage-på avslag på avkjørsle – gnr. 195 bnr. 7 – Lindås kommune FV-391**

### **Saksnr. 18/7532-3**

Avkjørsel til utmark ved Leiknes bru har alltid vore der fra 1887 . FV 391 kom i 1950 tallet.

Støypekant blei laga i 1990 tallet. Den gang tok Staten vegvesen hensyn til avkjørsel og laga åpning på 4 meter.(se bilde 1)

Det blei og utført arbeid på bru / fundament under bru, på1990 tallet. Då var denne vegen brukt av SV.

Avkjørsel ligg i en sving v/bru. Dette er den mest oversiktlige del av FV 391 mellom Mundal og Leknes skule. 110 meter mot sør, og til skule kryss øst over ca 200 meter . Vegens bredde er 6 meter mellom kvite markør linjer. To biler passerer godt kvarandre. Trafikksikkerhet er eg opptatt av, ønsker berre å komme meg ut av vegen når eg skal hente ut ved /tømmer.

Utforming av utkjørsel/innkjørsel skal være slik den alltid har vore. Har ikkje behov for å svinge til venstre eller nokon svingradius. Grind vil bli montert når vegen ikkje er i bruk.

De viser til Hodnesdalsvegen med avkjørsel til utmark. Ja det blei laga ein veg i 1993 som går langs med E 39. Men denne vegen er veldig lite egnet og direkte farlig for ferdsel med traktor. Derfor ønsker eg en ny tilkomst til utmark som ikke setter liv og helse i fare.

Store vannmengder fra E 39 og forskyvning i vegskråning er også et problem på den eksisterende vegen.

For at dere skal få et inntryk av den allerede eksisterende vegen som dere viser til i avslaget, ønsker eg å invitere dere med på synfaring også på denne vegen for å få et bedre helhetsbilde av saken og kvifor eg ønsker enn anna avkjøring enn den som eksiterer i dag.

Fortsatt har eg eit behov for å komme til nedre del av utmarka for å ta ut ved og tømmer.

Ønsker saka opp på ny, der eg som grunneigar vil vere med på synfaringa.

Helsing

Gunnar Eide

Hodnesdalsvegen 43

bilde 1



Bilde av avkjørsel 4 m bredde og trenger ikke utterligere utbedringer for å komme seg på av vei. Vil bli satt opp grind for å eliminere muligheten for annen trafikk og kjøre feil. (en av bekymringene i avslaget.)



Bilde 2. Meget god oversikt både til høyre og venstre





Bilde 3. Bilde i den retning som vil bli brukt til av/påkjøring.



Bilde 4. Veldig lett for andre trafikanter å se traktor som skal kjøre inn på vei.